

# Delferdigheiter i samfunnsfagleg skrivning

Når elevar skal skrive samfunnsfaglege tekstar, må elevane meistre mange delferdigheiter. Under følgjer nokre eksempel på delferdigheiter som kan vere utfordrande for elevane:

- å formulere problemstillingar
- å avkode oppgåvebestillingar
- å strukturere kunnskap og forståing i tematiske avsnitt
- å strukturere avsnitt i temasetningar og kommentarsetningar
- å grunngi påstandar
- å utvikle gyldige og samanhengande resonnement
- å bruke tekstbinding som viser fram fagleg forståing
- å bruke generelt akademisk språk
- å bruke samfunnsfagleg språk
- å bruke multimodale element (f.eks. bilete, grafar, kart, symbol) på ein fagrelevant måte